



Glade krinsmeistrar etter sigaren på kunstgrasbane søndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har mange lovande fotballspelarar for tida og fem av dei har denne sesongen vore å finna på jentelaget til Rosendal/Uskedal for 17-åringar.

Søndag ettermiddag var dei ikkje snauare enn at dei vart krinsmeistrar etter å ha slått Voss-laget Eldar 3-2 på heimebane.



Eldar-keeper Iselin Stokken hadde nok å gjera. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ein frisk og underhaldande kamp på den fine kunstgrasbana. De åtte andre spelarane på laget kjem frå Rosendal, Omvikdalen og Seimsfoss.

Dette er uskedelingane: Ida Røssland, Anette Sandnes, Margaret Sæle, Monica Karen Sæle Kårstad og Kari Bråtun.

Det har vore ein litt spesiell opptakt til denne finalen. Rosendal/Uskedal skulle ha spela mot Selbjørn som eitt av finalelaga. Men denne kaampen var i første omgang utsett fordi nokre spelarar hadde influensa. I neste omgang vart laget diska grunna bruk av spelarar som ikke var speleberettiga.

Mot Eldar spela Rosendal/Uskedal første gang på Voss for eitpar veker sidan, og den kampen enda 2-2.

I dag gjekk altså returkampen og den vart ikkje mindre spennande sjølv om heimelaget vann fullt fortent etter scoringar av Ida Røssland, Marte Ingebrigtsen og Tonje Skåla. Det var ikkje minst i andre omgangen at jentene herifrå fekk opp dampen og imponerte med stor glød og innsatsvilje.

Sigeren kunne ha vore langt større, men Voss-keeper Iselin Stokken gjorde ein bra innsats. Å rangera nokre av spelarane framfor andre vil ikkje vera rett, for dette var framfor alt ein laginnsats. Det er all grunn til å ha store forventningar til desse jentene i åra framover.

Av Ola Matti Mathisen